



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Sveio kommune
5550 SVEIO
5550 SVEIO

Deres ref
Steen, Petter

Vår ref
21/1319-3

Dato
4. november 2021

Spørsmål om fylkesbyte for Sveio kommune kan endre nivået på tilskott til jordbruket i kommunen

Vi viser til e-post sendt 26.10.21.

I dei årlege jordbruksavtalane blir det fastsett regelverk for utmåling av tilskott til norsk jordbruk. For nokre av ordningane er tilskottssatsane geografisk differensiert. Dette gjeld mellom anna distriktstilskott for mjølk og kjøt. Jordbruksavtalen for 2021-2022 er lagt ut på departementet sine nettsider: [teknisk-jordbruksavtale-20212022-korrigert.pdf](#) ([regjeringen.no](#)). (Vi gjer merksam på at satsane for einsskilde av ordningane i denne avtalen nyleg vart økt gjennom tilleggstingingane mellom avtalepartane.)

I jordbruksavtalen er det for ordningane med geografisk differensierte tilskottssatsar, til dømes distriktstilskott for mjølk og kjøt, lagt inn følgjande føresegn:
"Ved sammenslåing av hele eller deler av fylker og/eller kommuner som har ulike tilskudds-soner, videreføres sonegrensene."

I samsvar med føresegna over vil difor eit byte av fylke for Sveio kommune ikkje føre med seg endringar i nivået på tilskotta til jordbruksproduksjon. Men vi vil peike på at Innovasjon Norge kan ha ulike prioriteringar i Vestland og Rogaland fylke.

Med helsing

Nils Øyvind Bergset (e.f.)
avdelingsdirektør

Håkon Grotli
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo
postmottak@lmd.dep.no

Kontoradresse
Teatergata 9
www.lmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 874

Avdeling
Landbrukspolitisk
avdeling

Saksbehandler
Håkon Grotli
22 24 93 34